



Møteprotokoll

Utval: formannskapet
Møtestad: kommunestyresalen
Dato: 10.03.2026
Tid: kl. 12.00 - 17.30

Desse møtte

Hanne Notøy
Bennie Bantilan Hansen
Egil Ulfstein
Stian Skorgen Scheide
Per Lorentz Kopperstad
Anders Åge Myrene
Lisa Mari Breivik Anderson

Representerer

Ap
Frp
H
H
INP
KrF
Sp

Funksjon

medlem
medlem
medlem
ordfører
medlem
medlem
varaordfører

Andre møtte

Jarl Martin Møller
Monica Torp
Arne Runar Vik
Ottar Håkonsholm

Adm.
Adm.
Adm.
Adm.

kommunedirektør
kommunalsjef organisasjon og utvikling
kommunalsjef teknisk
eigedomsløiar

Møtenotat:

Lisa Mari Breivik Anderson (Sp) møtte ikkje før klokka 12.05. Det var såleis 6 røysteføre i PS 13/26.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 13/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/1008
PS 14/26	Godkjenning av protokoll	26/1008
PS 15/26	Orienteringar	26/1008
PS 16/26	Referatsaker	26/1008
PS 17/26	Høyringssaker	26/1008
PS 23/26	NOU 2026: 1 Ein berekraftig kommunesektor - uttale	26/921
PS 18/26	3K - Val av forhandlingsutval og styringsgruppe	25/1608
PS 19/26	Etablering av eit felles beredskapsråd	26/828
PS 20/26	Fairtrade- vidare engasjement	26/964
PS 21/26	Tussa - avtale om fallrettar – Saka vart trekt	26/834
PS 22/26	Innspeil til landsdelsanalyse for NTP 2029–2040	26/933
PS 24/26	Trebaatfestival 2026 - Søknad om støtte	26/1001
PS 29/26	Bjørndals minne - søknad om støtte til rehabilitering	26/1034
PS 30/26	Vest-Norges Brusselkontor AS - medlemskap	26/1032
PS 25/26	Endring av statuttar Årets nyskapar og Årets nyskaping	22/66
PS 26/26	Årets nyskapar og årets nyskaping 2025 Unnateke offentlegheita	22/66
PS 27/26	Nedsetting eller ettergjeving § 28 eigedomsskattelova for skatteåret 2026 Skattesaker	26/597
PS 28/26	Nedsetting eller ettergjeving av eigedomsskatten etter § 28 Skattesaker	26/597
PS 31/26	Godkjenning av fritak frå eigedomsskatt 2026 - §§ 7a og 7b	26/92

Ulsteinvik, 12.03.2026

Stian Skorgen Scheide
ordførar

PS 13/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vert godkjende med merknadane som ligg føre.

Behandling:

PS 21/26 vart trekt frå sakskartet.

Det vert elles litt omrokking av saklista på grunn av praktiske omsyn.

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjende med 6 røyster.

PS 14/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vert godkjend utan merknad.

Behandling:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

PS 15/26 Orienteringar

Vedtak:

[Ingen orienteringar].

Behandling:

[Ingen orienteringar].

PS 16/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
05/26	Strategiske vurdering med FSK kring grunnerverv
06/26	Tilsegn om støtte til utgreiing av mogleg kommunesamanslåing - Statsbudsjettet - tilsegn om prosjektskjønnsmidlar, kap. 571, post 64, prosjektnummer 608045
07/26	Trebåtfestivalen - svar på spørsmål kring rekneskap
08/26	Årsrapport politiråd 2025
09/26	Klimasatssøknadar 2026

Vedtak:

Referatsakene vert tekne til vitende.

Behandling:

Kommunedirektør Jarl Martin Møller hadde ei orientering om RS 05/26.

Referatsakene vart samrøystes tekne til vitende.

PS 17/26 Høyringsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Ekstern høyring av nasjonale handlingsplanar for habilitering og rehabilitering
02/26	Fastsetting av forskrift om tilskot til klimarådgeving
03/26	Høyring - Endringar i forskrifter om tilskot til natur- og friluftsmål
04/26	Høyring - Endringar i vassdragsreguleringslova og vassfallrettigheitslova
05/26	Høyring - forslag om midlertidig endring av alkohollova si bestemmelse om maksimaltid for skjenking - fotball VM 2026
06/26	Høyring - forslag til forskrift om overnattingsavgift til kommunane
07/26	Høyring - Forslag til nye forskrifter og endringar i eksisterande forskrifter på viltområdet
08/26	Høyring - Hurtig utredning av mogleg justering av alternativkostnaden i den norske helsetenesta
09/26	Høyring - ny kulturmiljølov - skipsfunn
10/26	Høyring – nytt valgfag i norsk teiknspråk på ungdomstrinnet
11/26	Høyring – Tidleg medisinsk heimeabort i dei kommunale helse- og omsorgstenestane
12/26	Høyring av forskrift om bruk av overtredelsesgebyr med heimel i hundelova
13/26	Høyring av forslag til forskrift om justering av karbonpris ved innføring av varer til EØS (CBAM-forskrifta)
14/26	Høyring av forslag til integreringsstønad for nyankomne flyktningar
15/26	Høyring av forslag til mindre endringar i byggevareforskrifta - EU-kommisjonens gjennomføringsbeslutning

16/26	Høyring av fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 - ny frist 27. februar 2026
17/26	Høyring av nasjonalt råd: Fysisk aktivitet ved overvekt eller fedme
18/26	Høyring av NOU 2026 - Ein berekraftig kommunesektor
19/26	Høyring av retningslinjer for økonomisk vederlag til kommunar som har hatt vesentlege utgifter til tiltak mot akutt forurensning
20/26	Høyring om forslag til endringar i forskrift om nasjonal retningslinje for farmasøytutdanningane
21/26	Høyring om forslag til justering av læreplanen i matematikk 1.–10. trinn
22/26	Høyring om forslag til ny psykisk helsevern forskrift
23/26	Høyring - Forslag til endringar i energikrav i byggteknisk forskrift
24/26	Høyring - Forslag om innføring av regelbrotsgebyr ved brot på privatskulelova sine forskrifter
25/26	Høyring - Nasjonal retningslinje for hjerneslag - to anbefalingar som gjelder synsutfordringar etter hjerneslag
26/26	Høyringsbrev om forslag til endringar i vassforskrifta
27/26	Høyringsnotat om klimakrav i byggteknisk forskrift
28/26	Invitasjon til høyring - Fylkesstrategi for kultur 2026 - 2029
29/26	Invitasjon til å gi innspel til landsdelsanalyse for NTP 2029-2040 - Oppdrag 02
30/26	Klagebehandling
31/26	Moglegheit for innspel i samband med kartlegging av eigarskap i innovasjonsselskap
32/26	Utkast til nasjonal fagleg retningslinje for langvarig utmattelse inkludert ME/CFS

Vedtak:

Høyringssakene vert tekne til vitende.

Behandling:

Høyringssakene vart samrøystes tekne til vitende.

PS 23/26 NOU 2026: 1 Ein berekraftig kommunesektor - uttale

Vedtak:

Ulstein kommunestyre sluttar seg delvis til KS sine vurderingar i høyringa av NOU 2026: 1 *En bærekraftig kommunesektor*, og støttar tiltak som styrkjer lokalt sjølvstyre, gjev større fleksibilitet i bruk av personell og økonomi, og reduserer statleg detaljstyring. Kommunestyret legg til grunn at endringar i styring og finansiering må sikre føreseielege rammer og rettvis fordeling, slik at Ulstein kommune kan møte lokale behov, demografiske endringar og framtidige bemanningsutfordringar. Ulstein kommunestyre ynskjer ikkje å endre lærarnorma då ein ser at dette kan føre til ein reduksjon av ressursar til skulane. Skal kommunane klare oppdraget sitt med omstilling og demografiendring, vert skulane sitt oppdrag enda viktigare. Ein må få alle gjennom utdanning og ut i arbeid om ein skal løyse utfordringane i framtida. For å greie dette må ein sikre nok kompetanse og ressursar i oppvekst.

Behandling:

Endringsframlegg, foreslått av Lisa Mari Breivik Anderson, Senterpartiet

Ulstein kommunestyre sluttar seg delvis til KS sine vurderingar i høyringa av NOU 2026: 1 *En bærekraftig kommunesektor*, og støttar tiltak som styrkjer lokalt sjølvstyre, gjev større fleksibilitet i bruk av personell og økonomi, og reduserer statleg detaljstyring. Kommunestyret legg til grunn at endringar i styring og finansiering må sikre føreseielege rammer og rettvis fordeling, slik at Ulstein kommune kan møte lokale behov, demografiske endringar og framtidige bemanningsutfordringar. Ulstein kommunestyre ynskjer ikkje å endre lærarnorma då ein ser at dette kan føre til ein reduksjon av ressursar til skulane. Skal kommunane klare oppdraget sitt med omstilling og demografiendring, vert skulane sitt oppdrag enda viktigare. Ein må få alle gjennom utdanning og ut i arbeid om ein skal løyse utfordringane i framtida. For å greie dette må ein sikre nok kompetanse og ressursar i oppvekst.

Saka vart flytta fram på saklista, jamfør PS 13/26.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over kommunedirektøren si tilråding. Den fall med 3 mot 4 røyster.

Kommunedirektøren si tilråding	Fallen
FOR 3	MOT 4
Høgre (2/2) Stian Skorgen Scheide (sett manuelt av Stian Skorgen Scheide) Egil Ulfstein	Kristeleg Folkeparti (1/1) Anders Myrene
Industri- og Næringspartiet (1/1) Per Lorentz Kopperstad	Arbeidarpartiet (1/1) Hanne Notøy
	Senterpartiet (1/1) Lisa Mari Breivik Anderson
	Framstegspartiet (1/1) Bennie Bantilan Hansen

Deretter vart det røysta over endringsframlegget til Lisa Mari Breivik Anderson (Sp). Det vart vedteke med 5 mot 2 røyster.

Endringsforslag frå L. M. B. Anderson (Sp)	Vedteke
FOR 5	MOT 2
Høgre (2/2) Egil Ulfstein Stian Skorgen Scheide (sett manuelt av Stian Skorgen Scheide) Senterpartiet (1/1) Lisa Mari Breivik Anderson Kristeleg Folkeparti (1/1) Anders Myrene Arbeidarpartiet (1/1) Hanne Notøy	Industri- og Næringspartiet (1/1) Per Lorentz Kopperstad Framstegspartiet (1/1) Bennie Bantilan Hansen

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre sluttar seg til KS sine vurderingar i høyringa av NOU 2026: 1 *En bærekraftig kommunesektor*, og støttar tiltak som styrkjer lokalt sjølvstyre, gjev større fleksibilitet i bruk av personell og økonomi, og reduserer statleg detaljstyring.

Kommunestyret legg til grunn at endringar i styring og finansiering må sikre føreseielege rammer og rettvis fordeling, slik at Ulstein kommune kan møte lokale behov, demografiske endringar og framtidige bemanningsutfordringar.

Vedtak som innstilling frå levekårsutvalet - 04.03.2026 - 18/26

Levekårsutvalet vil legge tilrette for grundig drøfting i partigruppene før endeleg vedtak i kommunestyret. Her står prinsippa mellom kommunalt sjølvstyre og konkret sikring av viktige rettar i skule- og omsorgsområdet.gjennom overordna detaljstyring.mot kvarandre. Levekår gjer derfor ikkje særskilt realitetsvedtak i denne saka.

PS 18/26 3K - Val av forhandlingsutval og styringsgruppe

Vedtak:

Ulstein kommunestyre vel desse representantane til forhandlingsutval og styringsgruppe :

1. Ordførar, Stian Skorgen Scheide
2. Varaordførar, Lisa Mari Breivik Anderson
3. Hanne Notøy

Kommunedirektør inngår i utvalet

Behandling:

Framlegg, foreslått av Stian Skorgen Scheide, Høgre

Ulstein kommunestyre vel desse representantane til forhandlingsutval og styringsgruppe :

1. Ordførar, Stian Skorgen Scheide
2. Varaordførar, Lisa Mari Breivik Anderson
3. Hanne Notøy

Kommunedirektør inngår i utvalet

Framlegget frå ordførar Stian Skorgen Scheide (H) vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre vel desse representantane til forhandlingsutval og styringsgruppe :

- 1.
- 2.
- 3.

Kommunedirektør inngår i utvalet.

PS 19/26 Etablering av eit felles beredskapsråd

Vedtak:

Ulstein formannskap stiller seg positive til initiativet og vil delta i drøftingar om å etablere eit felles beredskapsråd for kommunane Hareid, Ulstein, Herøy og Sande.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein formannskap stiller seg positive til initiativet og vil delta i drøftingar om å etablere eit felles beredskapsråd for kommunane Hareid, Ulstein, Herøy og Sande.

PS 20/26 Fairtrade- vidare engasjement

Vedtak:

1. Ulstein formannskap vedtek å halde fram som Fairtrade-kommune
2. Ulstein formannskap vedtek å sette ned ei politisk forankra referansegruppe som eig prosjektet.

Lisa Mari Breivik Anderson blir valt til å etablere ei referansegruppe.

Behandling:

Tilleggsframlegg, foreslått av Stian Skorgen Scheide, Høgre

Lisa Mari Breivik Anderson blir valt til å etablere ei referansegruppe.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken med tilleggsframlegget.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Ulstein formannskap vedtek å halde fram som Fairtrade-kommune
2. Ulstein formannskap vedtek å sette ned ei politisk forankra referansegruppe som eig prosjektet.

PS 21/26 Tussa - avtale om fallrettar

Saka vart trekt

PS 22/26 Innspel til landsdelsanalyse for NTP 2029–2040

Vedtak:

Ulstein formannskap oversender saksframlegget som innspel til landsdelsanalysen for Midt-Noreg.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein formannskap oversender saksframlegget som innspel til landsdelsanalysen for Midt-Noreg.

PS 24/26 Trebaatfestival 2026 - Søknad om støtte

Vedtak:

Ulstein formannskap gir Trebåtfestivalen 26 eit tilskot på kr 75 000 til gjennomføring av festivalen.

Tilskotet skal dekkast av tilleggsløyvingane til formannskapet.

Utbetaling skjer etter at arrangøren har stadfesta at festivalen blir gjennomført, og under føresetnad av at det blir levert kort rapport og rekneskap etter gjennomført arrangement.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein formannskap gir Trebåtfestivalen 26 eit tilskot på kr 75 000 til gjennomføring av festivalen.

Tilskotet skal dekkast av tilleggsløyvingane til formannskapet.

Utbetaling skjer etter at arrangøren har stadfesta at festivalen blir gjennomført, og under føresetnad av at det blir levert kort rapport og rekneskap etter gjennomført arrangement.

PS 29/26 Bjørndals minne - søknad om støtte til rehabilitering

Vedtak:

1. Ulstein kommune gir Stiftinga Bjørndalfondet tilskot på kr. 40.000
2. Tilskotet skal gå til formål "Isolasjon og varmepumpe", som spesifisert i søknad
3. Tilskotet skal dekkast av tilleggsløyvingane til formannskapet
4. Utbetaling skjer mot rekningar/dokumentasjon for gjennomførte tiltak

Behandling:

Framlegg, foreslått av Hanne Notøy, Arbeidarpartiet

1. Ulstein kommune gir Stiftinga Bjørndalfondet tilskot på kr. 100.000
2. Tilskotet skal gå til formål som spesifisert i søknaden
3. Tilskotet skal dekkast av tilleggsløyvingane til formannskapet
4. Utbetaling skjer mot rekningar/dokumentasjon for gjennomførte tiltak

Framlegg, foreslått av Stian Skorgen Scheide, Høgre

1. Ulstein kommune gir Stiftinga Bjørndalfondet tilskot på kr. 40.000
2. Tilskotet skal gå til formål "Isolasjon og varmepumpe", som spesifisert i søknad
3. Tilskotet skal dekkast av tilleggsløyvingane til formannskapet
4. Utbetaling skjer mot rekningar/dokumentasjon for gjennomførte tiltak

Saka vart flytta fram på saklista, jamfør PS 13/26.

Røysting:

Framlegget til Hanne Notøy (Ap) vart sett opp mot framlegget til ordførar Stian Skorgen Scheide (H). Framlegget til ordførar vart vedteke med 5 mot 2 røyster.

Framlegg frå H. Notøy (Ap) 2	Framlegg frå S. S. Scheide (H) 5
Arbeidarpartiet (1/1) Hanne Notøy	Framstegspartiet (1/1) Bennie Bantilan Hansen
Industri- og Næringspartiet (1/1) Per Lorentz Kopperstad	Kristeleg Folkeparti (1/1) Anders Myrene
	Senterpartiet (1/1) Lisa Mari Breivik Anderson
	Høgre (2/2) Stian Skorgen Scheide (sett manuelt av Stian Skorgen Scheide)
	Egil Ulfstein

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Ulstein kommune gir Stiftinga Bjørndalfondet tilskot på kr. ____
2. Tilskotet skal gå til formål som spesifisert i søknaden.
3. Tilskotet skal dekkast av tilleggsløyvingane til formannskapet.
4. Utbetaling skjer mot rekningar/dokumentasjon for gjennomførte tiltak.

PS 30/26 Vest-Norges Brusselkontor AS - medlemskap

Vedtak:

1. Ulstein kommune teiknar medlemskap i Vest-Norges Brusselkontor AS frå 2026.
2. Årleg medlemsavgift på om lag 49 000 kroner vert dekt innanfor formannskapet si tilleggsløyving for 2026 og vert vidare innarbeid i økonomiplan 2027-2030.
3. Ordførar får fullmakt til å gjennomføre nødvendige formelle prosedyrar for å formalisere medlemskapet i samsvar med vedtektene til Vest-Norges Brusselkontor AS.

Behandling:

Saka vart flytta fram på saklista, jamfør PS 13/26.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart vedteken med 5 mot 2 røyster.

Kommunedirektøren si tilråding	Vedteke
FOR 5	MOT 2
Kristeleg Folkeparti (1/1) Anders Myrene Høgre (2/2) Stian Skorgen Scheide (sett manuelt av Stian Skorgen Scheide) Egil Ulfstein Senterpartiet (1/1) Lisa Mari Breivik Anderson Arbeidarpartiet (1/1) Hanne Notøy	Framstegspartiet (1/1) Bennie Bantilan Hansen Industri- og Næringspartiet (1/1) Per Lorentz Kopperstad

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Ulstein kommune teiknar medlemskap i Vest-Norges Brusselkontor AS frå 2026.
2. Årleg medlemsavgift på om lag 49 000 kroner vert dekt innanfor formannskapet si tilleggsløyving for 2026 og vert vidare innarbeid i økonomiplan 2027-2030.
3. Ordførar får fullmakt til å gjennomføre nødvendige formelle prosedyrar for å formalisere medlemskapet i samsvar med vedtektene til Vest-Norges Brusselkontor AS.

PS 25/26 Endring av statuttar Årets nyskarar og Årets nyskaping

Vedtak:

Ulstein formannskap vedtek å avvikle kategorien *Årets nyskarar* og vidareføre ei samla kategori *Årets nyskaping* med oppdaterte kriterium som skildra ovanfor. Endringane trer i kraft frå og med **Nyskappingsprisen 2026**, og administrasjonen gjer naudsynte justeringar i utlysing, nominasjonsskjema og kommunikasjon. Administrasjonen får fullmakt til å presisere ordlyd i statuttane i tråd med dette vedtaket.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein formannskap vedtek å avvikle kategorien *Årets nyskarar* og vidareføre ei samla kategori *Årets nyskaping* med oppdaterte kriterium som skildra ovanfor. Endringane trer i kraft frå og med **Nyskappingsprisen 2026**, og administrasjonen gjer naudsynte justeringar i utlysing, nominasjonsskjema og kommunikasjon. Administrasjonen får fullmakt til å presisere ordlyd i statuttane i tråd med dette vedtaket.

PS 26/26 Årets nyskapar og årets nyskaping 2025

Vedtak:

1. Ulstein formannskap tildeler prisen Årets nyskapar 2025 til Anne Hestflått
2. Ulstein formannskap tildeler prisen Årets nyskaping 2025 til Plassen

Tilrådinga er unntake offentlegheit fram til vinnaren er publisert.

Behandling:

Fellesframlegg, foreslått av Stian Skorgen Scheide, Høgre

1. Ulstein formannskap tildeler prisen Årets nyskapar 2025 til Anne Hestflått
2. Ulstein formannskap tildeler prisen Årets nyskaping 2025 til Plassen

Tilrådinga er unntake offentlegheit fram til vinnaren er publisert.

Saka inneheld opplysningar som skal vere unnateke offentlegheit, jamfør offentleglova §14 1.ledd. Møtet vart difor lukka etter kommunelova § 11-5, andre avsnitt, andre punktum. Formannskapet, kommunedirektør Jarl Martin Møller, kommunalsjef teknisk, Arne Runar Vik, eigedomsleiar Ottar Håkonsholm og kommunalsjef for organisasjon og utvikling, Monica Torp, var til stades under behandlinga av saka.

Røysting:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Ulstein formannskap tildeler prisen Årets nyskapar 2025 til [NAMN] med grunngjeving [FYLL INN GRUNNGJEVING]
2. Ulstein formannskap tildeler prisen Årets nyskaping 2025 til [NAMN PÅ TILTAK] med grunngjeving [FYLL INN GRUNNGJEVING]

Tilrådinga er unntake offentlegheit fram til vinnaren er publisert.

PS 27/26 Nedsetting eller ettergjeving § 28 eigedomsskattelova for skatteåret 2026

Unnateke offentleg innsyn jamfør forvaltningslova §13 fyrste ledd nr. 1.

PS 28/26 Nedsetting eller ettergjeving av eigedomsskatten etter § 28

Unnateke offentleg innsyn jamfør forvaltningslova §13 fyrste ledd nr. 1.

PS 31/26 Godkjenning av fritak frå eigedomsskatt 2026 - §§ 7a og 7b

Vedtak:

Ulstein kommunestyre godkjenner med heimel i §§ 7a og 7b i eigedomsskattelova fritak frå eigedomsskatt for eigedomane som står oppført i vedlagt skatteliste datert 05.03.2026.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre godkjenner med heimel i §§ 7a og 7b i eigedomsskattelova fritak frå eigedomsskatt for eigedomane som står oppført i vedlagt skatteliste datert 05.03.2026.